

Sak nr 201707509

Høyringsuttale til revisjon av vilkår for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget.

Laget: Rykkje grunneigarlag, består av 10 grunneigarar som held til på Rykkje i Kvam, med rettigheiter i Søre Hamlagrø med støl på sørsida av Hamlagrøvatnet. Tilgang til fjellområdet har utgangspunkt i parkeringsplass på nordsida av vatnet ved Grønestad. Lagets medlemar brukar området aktivt til beiteområde for husdyr, bygsling av hyttetomter, jakt og fiske og til eigne fritidsaktivitetar på heilårsbasis.

Motsegner:

1. Endring av manøverreglement sommarstid:

Der BKK i dag kan regulere vatnet med 4 meter, ynskjer dei å auke dette til 6 meter. Dette meiner me vil føra til større utgraving i terrenget og rundt bekkar/elvar enn i dag, samt at tilkomsten over vatnet vil verta monaleg vanskeligare og bruken av vatnet vert også forringa. Det er stor forskjell på bruken av vatnet om det er 4 eller 6 meter ned tappa, då det stikk fleire steinar og holmar opp av vatnet.

2. Redusert tilkomst vinterstid:

Tilkomsten vinterstid pleier å vera over vatnet når isen legg seg. Dette pleier skje på etterjulsvinteren. Når vatnet vert tappa ned knekk isen etter kvart. Dette skapar litt utfordringa med sprekke, og me må vera obs på dette. Me det som skapar mest problem er når vatnet stig opp igjen. Då slepper isen langs land og det vert utrykt å koma seg ut på isen, og i land igjen. I framtida fryktar me dårlegare tilkomst til fjellet med ferdsle over isen, grunna mildare vintrar, endra mønster i tappinga grunna variasjon av straumprisar eller ein kombinasjon av dette. Konsekvensar av dette kan vera overflatevatn på isen eller meir utrygg is. Uansett årsak meiner me at det er eit

rimeleg krav at BKK som minimum må sikre at grunneigarar og hytteeigarar framleis skal kunne ferdast trygt til hyttene sine gjennom heile året.

3. Alternativ tilkomst vinterstid:

Dersom isen er utrygg, må me gå rundt vatnet, viser til kart i vedlegg 1. Ruta går då frå Grønestad som naturleg start grunna parkeringsplassen. Derfrå må me gå langs vatnet, inn til Lie og vidare mot Søre. På denne vegen må me kryssa mange elvar og bekkar. Ved desse kryssingspunktta, kan det vera svært vanskeleg å koma over grunna høge og bratte kantar ned mot elv/bekk. I periodar når isen er utrygg er det denne vegen me må nytt. Men i periodar med opne bekkar og elvar og med stor vassføring er denne vegen vanskeleg å nyutta. Som eit minimum meinar me at BKK som eit avbøtande tiltak må sikra denne traseen så den vert trygg og farbar heile året.

4. Sikkerheit i fjellet:

Ved overføringstunnelen frå Tjødnadalens til Breisete er det ikkje sikring i tunnelløpet.

Der går tursti til DNT over inntaket til tunellen, og dette burde vore sikra.

Tilsvarande tunnelløp frå Breisete til Lomatjødn burde vore betre sikra. Her har me vore ute for at dyr har havna i kanalen ut av Breisetevatnet, gått gjennom rista og tunellen før så å enda i Lomatjødn. Dette medførte tap av mange dyr.

Elveløpet ut frå tunellen mellom Breisetevatnet og Lomatjødn har ingen regulering som fører til meir eller mindre tilfeldige trasear på veg ned til Lomatjødn. Desse løpa kan forandra seg år for år. Dette medfører at ferdselen i området spesielt om vinteren er krevjande. Dette er ein del av den alternative traseen vinterstid til mange hytter i området. Det er også den einaste farbare vegen med snøskuter til området når isen er utrygg. Her burde det vore laga eit betre elveløp som vart sikra med bru.

På vegne av Rykkje grunneigarlag

Arve Jordalen og Kjetil Berge

Vedlegg 1

